

Notat – Innspel til registrerte data om vassførkomstar i Vann-nett – Samnanger kommune

Samnangerfjorden-indre (0260050801-C)

Det er inkonsistens i kva for påverknadar som er tekne med for indre og ytre Samnangerfjord, samt Trengereidfjorden. Til dømes manglar akvakultur som påverknad for Samnangerfjorden-indre, medan den er teken med for Samnangerfjorden-indre. Det er ingen tvil om at akvakultur også påverkar den indre delen av fjorden, og den har også eit akvakulturanlegg lokalisert på Nygård.

Skildringa av utslepp av avløpsvatn er også ulik for dei to delane av fjorden. Det verkar å vera noko forvirring rundt skildringa av kommunale utslepp, spredde utslepp, og diffus avrenning frå ulike avløpskilder. Her må det gjerast ein ryddejobb for å skildra dei ulike utsleppstypene på ein betre måte.

Det er av statsforvaltaren gjeve ein kommentar til den gjevne økologiske tilstanden:

Økologisk tilstand

Moderat

Kommentar til tilstand

manuell registrering av kvalitetselement næringsforhold for å få VF i moderat tilstand. Dette fordi der ikke finnes data som er representativ for vannforekomsten. Ny avløpsplan på gang i 2019-2020 og kartlegging vil bli gjort i forbindelse med dette arbeidet (kommune)

Dette med ny avløpsplan stemmer ikkje, og det har me spelt inn i 2020, utan at det har blitt teke vekk.

Det vil i 2021 bli gjort ei resipientundersøking av både ytre og indre del av fjorden, samt noko naturmangfaldkartlegging, og den økologiske tilstanden kan oppdaterast etter at desse resultata er klare.

Tiltaket synt nedanfor har me i 2020 spelt inn at er feil, me har oversikt over situasjonen, men tiltaket har ikkje blitt teke vekk:

TILTAKS ID	TILTAKSNAVN	TILTAKSTYPE	PÅVIRKNING
5105-96-M	Kartlegging kommunale utslipp - Samnangerfjrd indre	Forbedring av kunnskapsgrunnlaget	Diffus avrenning fra spillvannslekkasje

Samnangerfjorden-ytre (0260050802-C)

Det er skildra at det finst to avløpsanlegg for 2000 pe i denne delen av fjorden, med mekanisk slamavskiljing som reinsemetode, men det går ikkje fram kvar desse er lokalisert. Samnanger har ingen så store slamavskiljarar, og utover resten av Samnangerfjorden-ytre (i Bjørnafjorden kommune) er det tynt befolka. Vann-nett oppgjev «Kommune» som kjelde for dataa. Me meiner dette må vera ei feilregistrering.

Avløpsvann				
Punktforurensing				
Punktutslipp fra renseanlegg 2000 PE	😊 Liten grad	Organisk forurensning	Nei	To avløpsanlegg med mekanisk slamavskillere

Trengereidfjorden (0260050900-C)

Det vil i 2021 bli gjort ei resipientundersøking av Trengereidfjorden, samt noko naturmangfaldkartlegging, og den økologiske tilstanden kan oppdaterast etter at desse resultata er klare.

Bøkselvi (055-142-R) (Frå Skeiskvannndalen til Eikedalsvatnet)

Påverknadar og tiltak er «forelda». Begge påverkandane nedanfor er kopla på offentlig avløp, og vert ført til Øystese:

Avløpsvann					
Diffus forurensning					
Diffus avrenning fra annen kilde	😊 Liten grad	Næringsforurensning	Nei		Skisenter, har tett tank som tømmes.
Diffus avrenning fra spredt bebyggelse	😊 Liten grad	Næringsforurensning Organisk forurensning	Nei	Har tiltak	Litt avløpsproblemer, skal kobles til avløpsnett. Kommunen 2019: Ingen spreidd busetnad her, berre hytter og eit skisenter. Kommunalt avløpsnett er sett i drift, og det meste av hytter er påkopla. Ingen avløpsproblem lenger, så påverknadstypen kan takast vekk. FM: knyttet til et tiltak så kan ikke ta bort enda. Har endret til liten grad påvirkning for nå.

Kikedalsvatnet og Spongatjørn nedstrøms (055-221-R)

Ein påverknad som ikkje er registrert er Jarlshaug minikraftverk som er under utbygging/etablering i Jarlandselva.

Bekker Årland/Nordvik (055-252-R) (Inkludert Nordvikavatnet)

Her manglar påverknadstypen «Diffus avrenning frå spredt bebyggelse» eller «diffus avrenning frå byar/tettstader», då det her er ein del spreidde avløpsanlegg. Ein del av området har kommunalt avløp til slamavskiljar med utløp til sjø, slik at ein del av husstandane ikkje utgjer påverknad på elv/bekk, men det gjenstår likevel ein heil del med private avløpsanlegg.

I tillegg meiner me at Nordvikavatnet burde vera registrert som eit vatn heller enn å vera del av ei gruppering av bekkar.

Frølandsvatnet (055-26719-L)

For Frølandsvatnet har me tidlegare (i 2020) spelt inn at påverknaden «Diffus forurensning frå byar/tettstader» under kategorien «Urban utvikling» ikkje kan vera brukt riktig, fordi Tysseland/Totland er svært langt i frå å vera under urban utvikling. I staden for å endra påverknadstypen eller å ta den vekk har statsforvaltaren behalde påverknadstypen og berre lagt inn vår skildring som ein kommentar:

Urban utvikling					
Diffus forurensning					
Diffus avrenning fra byer/tettsteder	😊 Liten grad	Næringsforurensning	Nei		På Tysseland og Totland finn ein 19 bustader/våningshus og to fritidsbustader. Området er prega av landbruksdrift, og omlag fem driftsbygningar, truleg er berre nokre få i drift.

Grunngjevinga dei kom med var at påverknaden var av «liten grad» og at det såleis ikkje spelte nokon rolle. Dette er me ueinge i; det må gå an å endra på direkte feil informasjon, sjølv om den ikkje har avgjerande verknad for tiltak el.l.

Sagavatnet (055-26764-L)

Statsforvaltaren har lagt inn eit fiktivt kvalitetselement «Bunnfauna – faglig vurdert», fordi dei antek at det økologiske potensialet er moderat. Det er ikkje føreslått nokon tiltak, og me meiner at kunnskapsinnhenting må takast inn som eit tiltak.

Smådalselva (055-31-R)

Økologisk potensial er sett til moderat på bakgrunn av tidlegare gjeven konsesjon til småkraftutbygging, og elva er av same grunn definert som SMVF. Regulanten rakk ikkje å byggja ut innan fristen, og konsesjonen gjekk ut. Per dags dato er såleis ikkje den faktiske tilstanden moderat. Det er søkt om konsesjon på nytt, med litt endringar i minstevassføringa, og det vert truleg gjeve ny konsesjon. Så snart dette er klart må tilstanden/potensialet vurderast på nytt.

Frøyslanddaler 055-006-G

Dette er ein grunnvassførekomst på Tysseland/Totland/Frøyslandsvatnet som har fått eit heilt absurd namn. Truleg har ein prøvd å skriva «Frøyslandsdalen» eller noko liknande. Me vil spela inn at denne grunnvassførekomsten må få eit skikkeleg namn.

Tabell over planlagde tiltak

Ei rekkje av tiltaka inneheld «forelda» opplysningar om at ei gitt undersøking eller plan skal utførast i eit gitt år, som no er passert. Me forventar at alle tiltak vert gått igjennom og oppdaterte med ferskare data.